

Utdannings- og forskingsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

UFD		
06 MAY 2005		
Saksnr	Doknr	Arkivkode
200404093	229	510



Møre og Romsdal fylke



Deres ref:	Deres dato:	Vår ref:	Vår saksbehandler:	Vår dato:
	03.03.2005	FM: 2005/1183/LIOP/631.0	Liv Marie Opstad, 71258822	04.05.2005

Kunnskapsløftet: Fag- og timefordeling - Høring fra Møre og Romsdal

Svar på brev av 03.03.05 om oppsummering av høringsuttalelser vedr. fag- og timefordeling fra fylket, jf. departementet sitt "høringsmøte" med fylkesmennene 03.05.05.

Utdanningsavdelinga har mottatt og oppsummert høringsuttalelser fra følgende 5 kommuner i Møre og Romsdal når det gjelder fag- og timefordeling i grunnskolen: *Giske, Midsund, Sula, Sunndal, Vanylven og Ålesund*. Når fylket har hele 38 kommuner, gir det ikke noe fullt "sannhetsbilde" av meninger fra Møre og Romsdal, men en liten pekepinn...

Vi legger i tillegg ved høringsuttalelse fra Møre og Romsdal fylke som skoleeier, slik deler av dette ble presentert på en samling med departementet 18. april 2005.

Departementets forslag nr. 1:

Kommunene er delt i synet på departementets forslag om at skoleeier kan disponere inntil 25 % av timene som er fastsatt i det enkelte fag. En rektor sier det slik: *"Det er en tillit til skoleeier som det er vanskelig å gå imot. Men krav om samtykke fra den enkelte elev og foreldre kan bli til hinder dersom en ønsker å legge opp til gode og fleksible løsninger for elever i grupper."* En annen rektor sier det slik: *"Dette er eg stygt redd blir ein teoretisk bestemmelse som blir vanskeleg å bruke med dei strenge vilkåra som er sett. Kven kan garantere at elevane når dei same læringsmåla med færre timar? Og korleis skal ein sikre seg at alle elevar og foreldre er samde? Det er trass alt ulike oppfatningar av kva fag som er viktige og "kjekke".*

Departementets forslag nr. 2

De nye gjennomgående fagbetegnelsene blir støtta. En kommune påpeker likevel viktigheten av at miljøbegrepet ikke blir borte fra det nye naturfaget.

Departementets forslag nr. 3:

Departementets forslag om å utvide timetallet i engelsk, matematikk, naturfag og samfunnsfag i 1.-4. trinn blir støtta, men noen mener det også er behov for ei styrking på ungdomstrinnet.

Departementets forslag nr. 4 a-b

Kommunene støtter verken departementet sitt forslag om bortfall av frie aktiviteter for 1.-4. årstrinn eller forslag om bortfall av skolen og elevenes valg på barnetrinnet! Som en kommune sier det: *"Fagsentrering gir lite handlingsrom for dei positive og viktige aktivitetane som skulane arbeider med innan skulen og elevens val. Det er svært uheldig for den heilskaplege utviklinga til den enkelte elev og skulen i lokalmiljøet dersom skulen og elevens val går ut".*

En annen kommune sier det slik: " Det er *eigenleg ille at frie aktivitetar og skolen og elevens val skal vekk. Dette har ein kunne bruke som trivselsfremjande aktivitetar i tråd med elevane sine interesser. Fagstyrkinga er for så vidt grei nok, men ein får tilsvarande reduksjon på ungdomssteget for å gi plass til nykomlingen programfag*". En tredje kommune har merka seg de ulike endringsforslaga og går sterkt imot retningen av en teoretisert grunnskole når trivselsskapende valgfag og frie aktiviteter faller bort".

En annen kommune sier følgende om

- a) "Timer til **frie aktiviteter** har bidratt til å gi skolen et positivt innhold, og derfor kan det oppleves negativt å ta timene bort. Den sterke økningen til praktiske fag vil oppveie mye av dette og forslaget kan derfor aksepteres. Det er imidlertid usikkerhet om det er riktig å styrke KRL når det er reist tvil om faget har en berettiget plass i skolen i sin nåværende form".
- b) " **Skolen og elevenes valg** har i mange skoler gitt mulighet for elevinitierte aktiviteter i skolehverdagen og for et positivt samarbeid mellom skole og nærmiljø og frivillige organisasjoner. En åpning for slike muligheter bør beholdes innenfor skolens ansvar i forhold til fagplanene og dermed gi elevene medansvar for tilpasset opplæring. Forslaget bør derfor ikke støttes."

En annen kommune har oppsummert høringsforslaga nr. 1 til 4 slik:

" Økt timetall på småskoletrinnet er et av tiltakene. Større satsing/mer undervisningstid til de sentrale faga som matematikk, engelsk, naturfag og samfunnsfag (norsk er tidligere styrket) er positivt. Samtidig er tid til frie aktiviteter på småskoletrinnet tatt bort og overført til styrking av fagene kroppsøving, KRL, engelsk, samt kunst- og håndverk på barnetrinnet generelt. Når fysisk aktivitet også skal være et satsingsområde, både i grunnskolen og i samfunnet for øvrig, blir det viktig at den enkelte skole ivaretar elevenes behov for slike aktiviteter hver dag. I denne sammenhengen vil det være viktig at skolene benytter seg av den muligheten som ligger i den lokale friheten til å disponere inntil 25 % av timetallet slik dette er beskrevet i departementets forslag nr. 1." Den samme kommunen påpeker videre: "Større vektlegging av aktivitetsfag på barnetrinnet kan føre til en for stor grad av teoretisering av ungdomstrinnet. Det er viktig at dette blir ivare tatt på en måte som gjør at undervisningen på ungdomstrinnet ikke blir preget av skoletrøtte elever."

Departementets forslag nr 5:

a) **Om 2. fremmedspråket:**

Her er det delte meninger. Noen støtter forslaget, andre gir det betingta støtte ved at det må tilrettelegges for en ny metodikk som vektlegger en muntlig og praktisk tilnærming til faget. Noen sier de neppe vil kunne være i stand til å tilby elevene mer enn ett språkfag foruten engelsk, og noen synes 304 timer er for mye. En kommune foreslår å redusere det andre fremmedspråket til 228 timer, da de mener 2 t/u vil være tilstrekkelig til å gi elevene god nok praktisk øving i et nytt språk. Forslaget er også grunna i at en vil unngå en for sterk teoretisering av skolen.

b) **Om programfaget:**

Høringsuttalelsene, så nær som en, er skeptiske til det nye programfaget som de mener er for lite utprøvd til at det kan settes i gang for fullt. Det blir pekt på vansker med samarbeid med videregående skoler i utkantdistrikt, og på at "små" skoler vanskelig vil kunne klare å tilby mer enn 2 programfag for elevene å velge mellom. Som en kommune sier det: "Vi stiller oss spørjande til både innhald og omfang av det nye programfaget. Læreplanen for faget er svært vag, og vi er usikre på kva som kan bli innhaldet i tilbodet og korleis ein skal realisere planen. Vi opplever at dette nye fagtilbodet er for lite utgreidd til at det bør introduserast, særleg i eit omfang på 180 timar. Ikkje minst er vi usamde i dette sett i lys av m.a. ønskje om ei styrking av elevane sin realfagskompetanse, auka fysisk aktivitet og

eit meir praktisk retta ungdomssteg. - Grunna manglande konkret innhald i fagplanen og tvil om dei gode intensjonane kan setjast ut i praksis, ønskjer vi programfaget redusert til 114 timar."

Uttalelse fra en annen kommune: "Dette bør ikke vedtas som en obligatorisk ordning før det er nærmere utprøvd. Skoleeier kan gis mulighet til å vedta programfag som forsøk, men slik at andre fag ikke dermed blir svekket og at timene dekkes innenfor de 25 % skoleeier kan disponere". - En tredje kommune mener det blir feil å svekke naturfaget på ungdomstrinnet. Dette på bakgrunn av konklusjoner som er trekt i forbindelse med både nasjonale og internasjonale undersøkelser på området.

c) Om skolens og elevenes valg

Noen kommune støtter forslaget om at skolens og elevens valg går ut på ungdomstrinnet, mens andre mener faget bør opprettholdes. Som en kommune sier det: "Hovedbekymringa for ungdomstrinnet er at forslaget til ny fag- og timefordeling vil føre til en vesentlig teoretisering av det totale skoleinnholdet. Dette kan føre til at flere elever faller utenom, at behovet for spesialundervisning øker og at frustrasjonen over manglende mestring gir seg utslag i skolevegring eller atferdsproblemer."

Den ene kommunen som foreslår redusert timetall i både 2. fremmedspråk og programfag til valg, ønsker å benytte de frigjorte ressursene til både å

- a) opprettholde timetallet i naturfag, samt
- b) styrke de praktisk-estetiske faga.

Ad a): "Skal ein styrke elevane sin realfagskompetanse, kan vi ikkje på nokon måte sjå at ein kan oppnå det ved å ta vekk timar på ungdomssteg, og dette samtidig med at teknologi og design får ein sentral plass i naturfag. Timetalet må oppretthaldast dersom ein ikkje ønskjer ei svekking av elevane sin kompetanse."

Ad b): "Kunst og handverk bør ikkje svekkast slik det er lagt opp til. Musikk og kroppsøving er i praksis også svekka ved at alle valordningar er falt vekk. Vi meiner derfor at desse fagområda også burde ha vore styrka. Vi minner også om intensjonen om auka fysisk aktivitet i skulen. Det er vanskeleg å få plass til det utan å leggje inn meir tid i timeplanen."

En kommune oppsummerer **behovet for overgangsordninger** når det gjelder hele departementets forslag nr. 5: "Når nye læreplaner skal innføres på alle trinn fra 1. t.o.m. 9. trinn skoleåret 2006/07 (altså med unntak av de elevene som skal gå siste året i grunnskolen), er det viktig at det blir iverksatt nødvendige overgangsordninger. Dette gjelder særlig i forhold til de nye obligatoriske fagene 2. fremmedspråk og programfag for de elevene som kommende skoleår skal begynne på 8. trinn og må velge tilvalgsfag etter dagens ordning. Når 2. fremmedspråket også skal være et fag der det skal gis formell vurdering (karakter), er det viktig at overgangsordninger blir avklart i god tid før kommende skoleår:"

Departementets forslag nr 6:

De to kommunene som har uttalt seg om dette, er enige i departementet sitt forslag. Den ene kommunen støtter *alternativ 1* under punkt c). Dette fordi at med dagens ordning oppleves det samlede timetallet til norsk og tegnspråk for høyt, slik at skolen for denne elevgruppa blir mer belastende enn for andre.

Med hilsen

Alv Walgermo
Alv Walgermo
utdanningsdirektør

Liv Marie Opstad
Liv Marie Opstad
rådgiver

Vedlegg: Uttalelse fra Møre og Romsdal fylke vedr. videregående opplæring

KORT OPPSUMMERING OM KUNNSKAPSLØFTET – M&R FYLKE (VGO)

Vedlagt følger

1. Sak behandla i utdanningsutvalet 14 04 og Fylkesutvalet 02 05
2. Protokoll frå Utdanningsutvalet
3. Oppsummert innlegg frå rektor Tor Moholt, Kristiansund vgs på konferanse i regi av UFD 18 04, basert på spørreundersøking, og som i hovudsak gjeld
 - a) 3.1.2. programfag i vgo
 - b) 3.2 yrkesfaglege utdanningsprogram
4. 2 e-postar i ettertid frå Ulstein vgs, og som gjeld
 - a) frykt for at dei skjerpa krava i matematikk og obligatorisk 2. framandspråk vil føre til "ei katastrofe" for mange av elevane.
 - b) vanskar med å forstå at kroppsøvingsfaget skal takast vekk som sjølvstendig fag i 3.kl allmennfagleg påbygging.

Eivind Hasle



Møre og Romsdal fylke



saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
20.04.2005	MR 7898/2005	Eivind Hasle

Saksnr.
12/05

Utval
Utdanningsutvalet
Fylkesutvalet

Møtedato
14.04.2005
02.05.2005

KUNNSKAPSLØFTET - INVITASJON TIL HØYRING OM FAG- OG TIMEFORDELING ETC

Utdanningsutvalet hadde saksføre i møte 14.04.05. Følgjande blei ført i møteboka:

Arne Tunheim fremma på vegner av Venstre følgjande tillegg til pkt a:

"Ein vil åtvare mot ei aukande teoretisering av undervisninga og understreke behovet for satsing på praksislæring, samarbeid med næringslivet og alternative opplæringsarenaer."

Votering:

Framlegga frå Arne Tunheim vart samrøystes vedteke.

Tilråding blei samrøystes vedteke.

Samrøystes tilråding:

1. Møre og Romsdal fylke tar høyringsframlegget og saksutgreiinga til vitande.
2. I sine merknader til høyringsutkastet vil Møre og Romsdal fylke spesielt peike på
 - a) at den nye strukturen for grunnopplæringa truleg vil forsterke utfordringane når det gjeld differensiering i opplæringssystemet (jf kommentarane til 1.1 og 3.1. og 3.2.)

Ein vil åtvare mot ei aukande teoretisering av undervisninga og understreke behovet for satsing på praksislæring, samarbeid med næringslivet og alternative opplæringsarenaer

- b) at det er svært viktig at programfag blir utvikla til eit tilbod som må ta utgangspunkt i den enkelte elevs behov og interesser, og ikkje kva den enkelte skole eller kommune ser seg i stand til eller råd til å få til. Utgangspunktet må vere at skolen / kommunen må ha ambisjon om at den enkelte elevs ønske må få avgjerande innverknad på kva slags utdanningsprogram han eller ho skal fordjupe seg i. Det må derfor drivast eit godt utviklingsarbeid dei næraste åra i samarbeid mellom alle berørte partar (kommune, fylke, lærebedrifter, aetat o.a.)

for å gjere programfaget til noko som kan styrke ei heilskapeleg og samanhengande grunnopplæring.

Fylkesdirektøren rår fylkesutvalet til å gjere slikt

v e d t a k:

1. Møre og Romsdal fylke tar høyringsframlegget og saksutgreiinga til vitande.
2. I sine merknader til høyringsutkastet vil Møre og Romsdal fylke spesielt peike på
 - a) at den nye strukturen for grunnopplæringa truleg vil forsterke utfordringane når det gjeld differensiering i opplæringssystemet
(jf kommentarane til 1.1 og 3.1. og 3.2.)

Ein vil åtvare mot ei aukande teoretisering av undervisninga og understreke behovet for satsing på praksislæring, samarbeid med næringslivet og alternative opplæringsarenaer
 - b) at det er svært viktig at programfag blir utvikla til eit tilbod som må ta utgangspunkt i den enkelte elevs behov og interesser, og ikkje kva den enkelte skole eller kommune ser seg i stand til eller råd til å få til. Utgangspunktet må vere at skolen / kommunen må ha ambisjon om at den enkelte elevs ønske må få avgjerande innverknad på kva slags utdanningsprogram han eller ho skal fordjupe seg i. Det må derfor drivast eit godt utviklingsarbeid dei næraste åra i samarbeid mellom alle berørte partar (kommune, fylke, lærebedrifter, aetat o.a.) for å gjere programfaget til noko som kan styrke ei heilskapeleg og samanhengande grunnopplæring.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesutdanningsdirektør



Møre og Romsdal fylke



■ saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
29.03.2005	MR 5900/2005	Eivind Hasle

Saksgang:
Utdanningsutvalet

Sak

Kunnskapsløftet - invitasjon til høyring om fag- og timefordeling etc

Bakgrunn

I tilknytning til Reform 2006 / Kunnskapsløftet er no 2 viktige høyringsprosessar i gang : Utdanningsdirektoratet har – i brev av 15 02 05 - sendt ut til høyring forslag til læreplanar for Kunnskapsløftet (pulje 1), dvs. gjennomgåande læreplanar og nokre fag for grunnskolen. Det er ei lang rad høyringsinstansar, og fylket prøver å stimulere skolane til å engasjere seg i høyringa gjennom læreplankonferansar, lokale og regionale samarbeidsnettverk etc, og å sjå høyringsprosessen som ein del av kompetanseutviklinga. Vi viser til vedlagt høyringsbrev frå Utdanningsdirektoratet. Høyringsfristen er 10 05 05. I tillegg er det lagt opp til ei eiga høyring i KRL-faget, med frist 30 05 05. Etter kvart vil fleire læreplanar bli sendt ut på høyring, truleg i 4 puljer.

Utdannings- og forskingsdepartementet har same dato, 15 02 05, sendt ut på høyring "Framlegg til fag- og timefordeling for grunnskolen, fag- og timefordeling for fellesfag i videregående opplæring, omfang av programfag og prinsipper for valg av programfag i videregående opplæring", med svarfrist 26 04 05.

Presentasjon og vurdering av Framlegg til fag- og timefordeling etc.

I dette framlegget (jf vedlegg) ligg ei lang rad forslag som det er viktig for skoleeigar å ha i mente, med tanke på det pedagogiske arbeidet i grunnopplæringa framover :

I. Felles bestemmelser for grunnskole og videregående opplæring

1.1. Omdisponering av inntil 25 % av timetalet
Skoleeigar blir gitt høve til å omdisponere inntil 25 % av timane i det enkelte faget, på alle trinn i grunnopplæringa. Dette vil stille store krav til dei faglege vurderingane i opplæringssystemet, med tanke på å sikre at kvar elev og lærling sjølvstilt skal ha sjansen til å nå måla i læreplanen. 25 %-regelen vil også føre med seg at utfordringane når det gjeld differensiering vil kunne auke vesentleg opp gjennom utdanningsløpet, etter som elevar og lærlingar kjem med enda meir variert opplæringsbakgrunn enn i dag.

1.2. Samordning av namn på fag i grunnopplæringa: Synest logisk.

II Bestemmelser for grunnskolen

Vi merkar oss at 2.framandspråk blir obligatorisk fag på ungdomstrinnet, og at timar til tilvalsfag går ut. I staden kjem Programfag inn (jf 2.2.1). Dette er eit fag fastsett til 180 timar. Det er utarbeidd ein eigen rammeplan for faget (jf vedlagt læreplanutkast). Faget skal hjelpe dei unge til å velje utdanningsprogram i vidaregåande opplæring, og vere med og skape eit heilskapeleg opplæringsløp, med redusert feilval og studieavbrot. Som det går fram av læreplanutkastet, er det her nødvendig med godt lokalt utviklingsarbeid med sikte på at alle grunnskolane skal kunne gi tilbod. I høyringsbrevet frå UFD er det sagt at "skolen skal ha tilbod om programfag i minimum ett studieforbereidende utdanningsprogram og ett yrkesforberedende utdanningsprogram."

Etter vår vurdering vil det bli ei svært utfordrande oppgåve for kommunane /grunnskolane å gi tilbod i alle utdanningsprogram for vidaregåande opplæring. Ambisjonen – både nasjonalt og regionalt/lokalt - burde likevel vere det, og det vil fort kunne verke svært negativt på motivasjon og utdanningsval dersom ikkje kvar enkelt elev så langt som råd får høve til å fordjupe seg innanfor dei utdanningsprogramma han eller ho er mest interessert i. Det er derfor også heilt avgjerande at kommunane og dei vidaregåande skolane og lærebedriftene etablerer samarbeid om nødvendig utviklingsarbeid for å konkretisere gode tilbod i programfag.

III Bestemmelser om vidaregåande opplæring

3.1 Om studieforbereidende utdanningsprogrammer

Dette gjeld 3 utdanningsprogram, i Musikk, dans, drama, Idrettsfag og Studiespesialiserende utdanningsprogram.

Vi merkar oss at krava til generell studiekompetanse er styrkt (jf obligatorisk 2. framandspråk pluss større krav i matematikk). I tillegg er det lagt opp til større krav til fagleg fordjuping i eitt av programområda i det utdanningsprogrammet eleven har valt (t.d. realfag, språkfag, samfunnsfag og økonomi, eller formgjevingsfag). Ei av dei spennande utfordringane knytt til dette kravet, er korleis det vil fungere for elevane og for tilboda ved dei små allmennfagmiljøa vi har ved mange av dei vidaregåande skolane i vårt fylke. Ligg det her innebygd behov større sentralisering? Og betyr opplegget at dei unge no må bestemme seg alt ved innsøkinga til vidaregåande skole om dei skal fordjupe seg i språkfag, realfag, samfunnsfag eller formgjevingsfag?

3.2 Om yrkesfaglige utdanningsprogram

Her merkar vi oss spesielt at dei faglege råda (partane i arbeidslivet) utarbeider kompetanseplattformer. Desse skal etter planen vere offisielle frå byrjinga av april, men er alt i dag tilgjengelege på Skolenettet. På bakgrunn av kompetanseplattformene vil dei 9 yrkesfaglege utdanningsprogramma bli inndelt i programområde.

Det er verd å merke seg at dei strengare krava til å få generell studiekompetanse, også gjer gapet mellom studieførebuande og yrkesførebuande utdanningsprogram større, og at det no vil bli vanskelegare for elevar som har tatt yrkesfagleg utdanningsprogram å kvalifisere seg til inntak på universitet og høgskole.

I tillegg er det frykt for at dei strengare krava til engelskkunnskapar innanfor dei yrkesfaglege studieretningane, vil føre til at fleire får vanskar med gjennomføringa.

IV Bruk av poeng

Departementet ønsker synspunkt på utvikling av eit system med poeng i staden for timar som eit bidrag til å tydeleggjere kompetansenivåa. Det er i dag vanskelg å ha klare meiningar om dette, i alle fall før vi kjenner kompetanseplattformene betre.

Tilråding

Ut frå saksframlegget blir utdanningsutvalet rådd til å gjere følgjande

V e d t a k :

1. Utdanningsutvalet tar høyringsframlegget og saksutgreiinga til vitande.
2. I sine merknader til høyringsutkastet vil utdanningsutvalet spesielt peike på
 - a) at den nye strukturen for grunnopplæringa truleg vil forsterke utfordringane når det gjeld differensiering i opplæringssystemet (jf kommentarane til 1.1 og 3.1. og 3.2.)
 - b) at det er svært viktig at programfag blir utvikla til eit tilbod som må ta utgangspunkt i den enkelte elevs behov og interesser, og ikkje kva den enkelte skole eller kommune ser seg i stand til eller råd til å få til. Utgangspunktet må vere at skolen / kommunen må ha ambisjon om at den enkelte elevs ønske må få avgjerande innverknad på kva slags utdanningsprogram han eller ho skal fordjupe seg i. Det må derfor drivast eit godt utviklingsarbeid dei næraste åra i samarbeid mellom alle berørte partar (kommune, fylke, lærebedrifter, aetat o.a.) for å gjere programfaget til noko som kan styrke ei heilskapeleg og samanhengande grunnopplæring.

Per Hoem
Fylkesutdanningsdirektør

Trykte vedlegg:

UFD : Kunnskapsløftet – invitasjon til høring. 15 02 05
Utdanningsdirektoratet : Invitasjon til høring. (læreplaner) 15 02 05
Utdanningsdirektoratet : Programfag til val. Høyringsutkast

Frist 26 04 05
Frist 10 05 05

Generelt

- Praktisk gjennomføring av 180 timer til programfag på ungdomstrinnet. En spesiell utfordring til små ungdomsskoler, og vg skoler med mange små ungdomsskoler i sitt inntaksområde. Må gis tilbud om programfag fra alle utdanningsprogram.
- Omdisponering 25% kan være positivt. Sterkere grad av individuell tilpasning. Passer på at vi ikke går for langt og mister fellesskapet av syne.

Fellesfagene i vgo, omfanget og fordelinga av dem

Programfag i vgo, prinsipper for valg, omfang, fordeling

- Dette punktet er det skolene har sterkest mening om. Hvis forslaget går igjennom vil det bety en forverra situasjon for de mindre vid. skolene: Valg av 5 timer programfag på VG1 på studiespesialiserende utdanningsprogram (- formgivingsfag) er ikke heldig. Det medfører unødvendig tidlig valg (allerede i ungdomsskolen. Inntaket skjer ikke før i juni/juli, umuliggjør planlegging av fag og timer). Elevene kan gjerne vente et år før de velger programfag (15 + 15). Det muliggjør også en bedre basis for gjennomføring av programfag, for eksempel matematikk og fysikk, som krever at elevene har et grunnlag i matematikk først. Like ens med språk og samfunnsfag. Flytte 3 t samfunnsfag og 2 t geografi fra VG2 til VG1. Det kan også være aktuelt å vurdere styrking av matematikk (delvis flytting fra VG2 til VG1)
- Studiespesialiserende utdanningsprogram, programområde formgivingsfag, bør ha samme modell som MDD, men med kroppsøving. Elevene vil søke seg inn til denne utdanninga, og det vil være lite realistisk å tro at elevene vil begynne med fordypning i formgivingsfag på VG1 for deretter å skifte til et annet programområde. Det vil være kun noen få unntak
- Noen programfag under studiespesialiserende utdanningsprogram bør kunne være felles for flere/alle programområder, eks. informasjonsbehandling.
- Kroppsøving VG2 MDD. Det blir for teoretisk å tro at kroppsøving kan integreres på samme måte som for idrettsfag. Dersom kroppsøving, blir timer til programfag 10-15-20
- Kravet om matematikk på VG2 kan bety at færre vil velge programfag matematikk. Vet ikke hvordan dette kan løses, men en mulighet er at de som ønsker spesiell studiekompetanse får godkjent programfag matematikk 5t til valg, og ikke trenger å ta 3 t matematikk på VG2
- Engelsk + 1 time. Flere tapere. Mange teorisvake elever. Er det nødvendig at alle skal oppnå studiekompetanse?

Prosjekt til fordypning, yrkesfaglige utdanningsprogram

- TAF. Samarbeid skole/næringsliv som fungerer godt. Studiekompetanse + fagbrev. Styrking av realfagene.
- Det bør være mulig å velge programfag (ut over 20 eller 30) fra hvilket som helst utdanningsprogram. Det er ikke logisk at MDD, idrettsfag eller formgivingsfag er mer passende eller riktig enn for eksempel elektro eller psykologi. Åpner da mulighet for fortsatt TAF
- "Prosjekt til fordypning" kan være en lite forpliktende betegnelse. Hvorfor ikke også her bruke betegnelsen "valgfrie programfag", eventuelt "fag til fordypning"?
- Viktig at "prosjekt til fordypning" kan brukes til fellesfag (og da tar jeg for gitt fellesfag fra studieforbredende utdanningsprogram, er det slik ment?), særlig hvis Påbygging til generell studiekompetanse blir slik som foreslått. Men en må da være oppmerksom på timetallet (passer på at det blir høyt nok).

- Til 10b: Betyr "skal kunne" at dette bare er en mulighet, men ikke nødvendig? Uklart. Kan ikke se at det blir presisert i læreplanene?
- Viktig å beholde reell mulighet for å gjennomføre Påbygging til generell studiekompetanse. Eks. hjelpepleier som trenger omskolering pga ryggproblemer. Registrerer at 20 t-kurset blir borte?
- Det synes som prinsippet om faglig likeverd er forlatt til fordel for en reindyrking av akademisk faglighet som inngangsbillett til høyere utdanning. (Påbygging til generell studiekompetanse)
- Kroppsøving bort på Påbygging til generell studiekompetanse. Begrunnelsen er tynn: "utgår for å opprettholde rammen på 30 timer"